


---

# Utgreiing av aktuelle kommunestrukturalternativ for Sogn regionråd

Presentasjon av rapport 30. oktober 2015

Bent Aslak Brandtzæg  
Telemarksforsking



# Kommunar som er med i utgreiingsarbeidet



# Utredningsalternativer

Alt. 1		Alt. 2		Alt. 3		Alt. 4		Alt. 5		Alt. 6	
Høyanger	4169							Høyanger	4169		
Vik	2678	Vik	2678	Vik	2678						
Balestrand	1304	Balestrand	1304	Balestrand	1304			Balestrand	1304		
Leikanger	2276	Leikanger	2276	Leikanger	2276	Leikanger	2276				
Sogndal	7677	Sogndal	7677	Sogndal	7677	Sogndal	7677				
Aurland	1738	Aurland	1738							Aurland	1738
Lærdal	2146	Lærdal	2146	Lærdal	2146					Lærdal	2146
Årdal	5429	Årdal	5429							Årdal	5429
Luster	5118	Luster	5118	Luster	5118	Luster	5118				
<b>Sum</b>	<b>32535</b>		<b>28366</b>		<b>21199</b>		<b>15071</b>		<b>5473</b>		<b>9313</b>

---

# Måla med kommunerereforma

---

Regjeringa framhevar følgjande overordna mål med kommunereforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftig og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

---

# Tematisk fokus

---

- Folketalsutvikling
- Næringsutvikling
- Økonomi
- Tenester
- Interkommunalt samarbeid
- Demokrati
- Samfunnsutvikling
- Fordelar og ulemper ved aktuelle alternativer – samlet vurdering
- Vidare prosess

---

# Metodar

---

- KOSTRA-analyser og statistiske analyser
- Intervju med rådmann, ordførar og opposisjonsleiar
- Spørjegransking til politikarar i kommunestyra, kommunalt tilsette med leiaransvar og hovudtillitsvalde
- Erfaringar frå andre kommunestrukturutgreiingar i andre delar av landet


---

# Befolkningsutvikling

---


- Stor folketalsvekst på landsbasis
- Ujavn vekst, reduksjon i folketallet i dei minste kommune
- Av dei ni kommunane som inngår i utgreiinga:
  - Berre Sogndal, Luster og Leikanger har hatt vekst frå 2000 og fram til i dag
  - Vik, Høyanger og Balestrand har hatt størst prosentvis nedgang i folketallet
- Innvandring frå utlandet har vore med på å dempe negative effektar av negativ netto innanlands flytting og negativ fødselsbalanse

# Prosentvis endring av folketallet i kommunane frå 2000-2015






# Prosentvis endring i folketallet for ulike samanslåingsalternativ fra 2000 til 2015




# Befolkningsframskrivingar for kommunane.

## Alternativ MMMM. Data frå SSB

- SSBs framskrivingar av folketalet fram mot 2040 viser at fem av kommunane sannsynligvis vil få nedgang
- Prognosane for Sogndal syner ein vekst langt over veksten på landsbasis.
- Dei relative forskjellane mellom kommunane vil halde fram å auke
- Kommunestrukturen blir stadig mindre i samsvar med dei oppgåver kommunane skal løyse



# Folketalsframskrivingar for samanslåingsalternativa. Alternativ MMMM. Data frå SSB




---

# Næringsutvikling

---

- Samla sett har det blitt 520 færre private arbeidsplassar frå 2001-2013
- Sogndal, Leikanger, Luster og Balestrand har hatt ei auke i private arbeidsplassar i perioden, medan dei andre kommunane har hatt ein reduksjon
- Talet på offentlege arbeidsplassar har auka med 184 frå 2001-2013
- Sogndal, Vik, Lærdal og Luster har hatt vekst i offentlege arbeidsplassar, resten har hatt reduksjon
- Fleire av kommunane har eit sårbart næringsliv, spesielt knytt til landbruk og industri
- Handelsnæringa er størst i Sogndal, noko som speglar Sogndal som regionsenterkommune
- Aurland og Balestrand er dei kommunane som har størst del av sysseletinga innan overnattingsverksemdene, noko som synleggjer at reiselivet står sterkt i desse kommunane
- Statlege arbeidsplassar er spesielt viktige for sysselsettinga i Leikanger og Sogndal, men òg for dei andre kommunane i regionen
- Felles behov for tiltak som kan styrke busetting og næringsutvikling
- Fleire kommunar har lågare tilflytting enn det man statistisk kan forvente dersom ein tek omsyn til arbeidsplassutviklinga og strukturelle tilhøve– indikerer behov for tiltak for å styrke både arbeidsplassutvikling og bustadattraktivitet

# Prosentvis fordeling av private og offentlege arbeidsplassar



---

# Statlege arbeidsplassar

---

- Statlege arbeidsplassar spelar i ei vesentleg rolle i regionen, spesielt for Leikanger og Sogndal
- Signala frå staten er no at ein ynskjer å styrke vekstsenter og kompetansemiljø i regionane, og at det i samband med dette vil vera naturleg å satse på regionsentra når det gjeld framtidig lokalisering av statlege arbeidsplassar
- Føringa i dei gamle retningslinjene om at ein skulle unngå å konsentrera verksemder til det største byområdet i fylket eller landsdelen er teke ut.
- Det same gjeld føringa om at dersom alle faktorane elles var like i valet mellom to stadar, så skulle ein velja den minste sentrale staden innanfor det distriktpolitiske virkeområdet
- I høve til å vera eit attraktivt regionsenter for å halde på og trekkje til nye statlege verksemder, synes det å vera viktig at spesielt Leikanger og Sogndal i fellesskap arbeider for å styrke sin attraktivitet for både eksisterande og potensielt nye statlege verksemder
- Ei eventuell kommunesamanslåing kan slik sett gje betre føresetnader for å stå fram som ein samla og attraktivt kompetansesenter for både statlege og private arbeidsplassar

---

# Pendling

---

- Gjev uttrykk for kva som står fram som naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Eit mål med kommunereforma er at kommunane i større grad skal samsvare med slike regionar
- Det er innanfor slike regionar at det er størst behov for felles innsats når det gjeld planleggings- og utviklingsarbeid
- Dersom man har felles utfordringar og interesser, kan det være hensiktsmessig å stå saman i konkurransen mot andre delar av landet når det gjeld næringsutvikling og tilflytting

# Pendling i prosent av den sysselsette befolkninga som bur i kommunane

		Arbeidsstad										
		Høyanger	Vik	Balestrand	Leikanger	Sogndal	Aurland	Lærdal	Årdal	Luster	Utanfor	Tal på sysselsette
Bustad	Høyanger	73,8	0,3	0,4	0,3	0,9	0,0	0,2	0,6	0,1	23,3	2 016
	Vik	0,3	81,5	0,5	2,4	3,5	0,3	0,3	0,1	0,3	10,9	1 456
	Balestrand	9,1	2,0	69,0	5,5	4,0	0,1	0,0	0,1	0,3	9,9	706
	Leikanger	0,2	1,2	0,6	70,2	16,9	0,2	0,7	0,7	0,6	8,8	1 203
	Sogndal	0,1	0,3	0,2	9,5	71,4	0,3	1,3	2,0	4,0	10,9	4 188
	Aurland	0,1	0,3	0,0	0,7	1,8	77,6	3,2	1,4	0,3	14,6	906
	Lærdal	0,1	0,3	0,0	1,2	3,9	3,3	69,6	7,7	2,0	12,0	1 119
	Årdal	0,0	0,0	0,0	0,4	2,2	0,0	1,9	87,8	0,2	7,4	2 611
	Luster	0,1	0,1	0,0	4,2	19,3	0,1	0,4	1,3	65,6	8,9	2 722
	Utanfor	11,5	4,2	9,8	11,3	9,9	10,7	6,8	3,1	3,7		
	Tal på arbeidsplasser	1 771	1 301	574	1 652	4 367	857	1 010	2 612	2 075		

Bu- og arbeidsmarknadsregionar:

- Sogndal (Sogndal, Leikanger og Luster)
- Høyanger (Høyanger og Balestrand)
- Lærdal/Årdal (Lærdal og Årdal)
- Vik (Vik)
- Aurland (Aurland)

Alternativ 4, 5 og 6 er mest i samsvar med dei funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionane



---

# Økonomiske effekter av ulike samanslåingsalternativ

---


Effekter på:

- Overføringane frå inntektssystemet
- Reformverkemidlar (inndelingstilskot, eingongsstøtte og reformstøtte)
- Muligheiter for å ta ut effektiviseringsgevinstar
- Konesjonskraftinntekter

# Endring i ulike tilskotselement 2015-kr. Alternativ 1.

Tilskotselement	Endring i 1000 kr
Sone	18 487
Nabo	247
Nto.verkn. statl/priv. skular	-453
Opphopingsindeks	188
Urbanitetskriterium	8 089
Basistillegg	-102 693
Nto. inntektsutjamning	-4 150
Småkommunetilskot	-21 900
Distriktstilskot Sør-Noreg	6 981
Veksttilskot	-2 141
Inndelingstilskot	117 615
Sum:	20 271

# Rammetilskuddsutvikling med og uten sammenslåing. Alternativ 1



# Oppsummering av illustrasjonsberegninger for effekten på frie inntekter

- Dei seks samanslåingsalternativa vil få ei endring i rammetilskotet kvart år dei første 15 åra frå 20,3 mill kr (alternativ 1) til -3,8 mill kr (alternativ 4)
- I prosent av brutto driftsinntekter tilsvara varierer endringane i rammetilskotet frå -0,3 prosent (alternativ 4) til 1,2 prosent (alternativ 5)
- Når inndelingstilskotet er ferdig trappa ned, vil dei ulike samanslåingsalternativa vera nede på eit langsiktig tilskotsnivå som ligger mellom 1,5 prosent (alternativ 5) og 3,7 prosent (alternativ 3) under det ein tok i mot kvar for seg
- For at ei kommunesamanslåing skal være økonomisk lønsam, må kommunane innan 20 år ha realisert eit innsparingspotensial tilsvarande reduksjonen i rammetilskotet


	År 1-15	Etter år 20	År 1-15	Etter år 20
	Mill kr	Mill kr	I prosent	I prosent
<b>Alternativ 1)</b>	20,3	-97,3	0,6 %	-3,0 %
<b>Alternativ 2)</b>	15,3	-91,7	0,6 %	-3,3 %
<b>Alternativ 3)</b>	4,7	-72,7	0,2 %	-3,7 %
<b>Alternativ 4)</b>	-3,8	-40,0	-0,3 %	-3,2 %
<b>Alternativ 5)</b>	7,7	-9,7	1,2 %	-1,5 %
<b>Alternativ 6)</b>	8,8	-19,7	0,8 %	-1,9 %

# Oversikt over støtte til engangskostnader og reformstøtte ved kommunesammenslåinger

- **Eingongskostnader** er eit gitt beløp for å dekke kostnader ved ei kommunesamanslåing
- Døme på eingongskostnader:
  - løn og drift av felles folkevald nemnd, lønn til prosjektleiar (eventuelt prosjektmedlemmar/hovudtillitsvald), involvering av innbyggjarane, tiltak for felles kultur, harmonisering av IKT, tilrettelegging av servicekontor m.m.
- **Reformstøtte** er et eingongsbeløp som den nye kommunen får til fri utnytting på tidspunktet kommunane slår seg saman

Alternativ	Innbyggartal 2015	Eingongs-kostnader (1000 kr)	Reformstøtte (1000 kr)	Sum (1000 kr)	I prosent av brutto driftsinntekter
1)	32 535	55 000	25 000	80 000	2,5 %
2)	28 366	55 000	20 000	75 000	2,7 %
3)	21 199	55 000	20 000	75 000	3,8 %
4)	15 071	30 000	20 000	50 000	4,0 %
5)	5 473	20 000	5 000	25 000	3,9 %
6)	9 313	30 000	5 000	35 000	3,3 %

# Sammenhengen mellom administrasjonsutgifter og innbyggertall 2013



# Alternativ 1. Administrasjonsutgifter 2014 og mulig innsparingspotensial

	Innbyggjarar (1.1.2015)	Netto driftsutgifter kr pr innb.	Netto driftsutgifter 1000 kr
Høyanger	4 169	10 566	44 050
Vik	2 678	7 879	21 100
Balestrand	1 304	13 381	17 449
Leikanger	2 276	5 674	12 914
Sogndal	7 677	3 375	25 910
Aurland	1 738	15 094	26 233
Lærdal	2 146	10 769	23 110
Årdal	5 429	5 606	30 435
Luster	5 118	6 256	32 018
Sum	32 535	7 168	233 219
Landsgjennomsnittet	12 070	3 885	-
Kristiansund	24 507	3 676	-
Ålesund	46 316	3 268	-
<b>Gevinst/Innsparing ved nivå tilsvarande</b>			
Sogndal			123 414
Landsgjennomsnittet			106 821
Kristiansund			113 621
Ålesund			126 895

# Mulig effektiviseringspotensial på administrasjon.

## Alternativ 1-5. 1000 kr og i % av sum driftsinntekter

- Innsparingspotensialet samanlikna med dagens kommunar vera frå 0,9 prosent (alternativ 4) til 4,5 prosent (alternativ 5) av dagens brutto driftsinntekter
- Sjølv om det er anslag, får berekningane fram at det bør vera ei t klart potensial for reduserte administrasjonsutgifter ved eventuelle kommunesamanslåingar
- Innsparingsmuligheitene vil naturlegvis ha samanheng med korleis ein vel å organisere og legge til rette den nye kommunen
- Kommunar som er store geografisk kan ha behov for meir desentralisert organisering med tanke på administrasjon og lokalpolitisk medverknad

	I mill kr	I prosent av brutto driftsinntekter
Alt. 1)	114	3,5 %
Alt. 2)	85	3,1 %
Alt. 3)	55	2,8 %
Alt. 4)	12	0,9 %
Alt. 5)	31	4,8 %
Alt. 6)	43	4,1 %



# Innsparingspotensial i mill kr på utvalde tenesteområder samanlikna mot landsgjennomsnittet

	Barnehage	Grunnskole	Barnevern	Sosialtjeneste	Pleie og omsorg	Kommunehelse	Brann/ulykker	Fysisk planlegging	Samferdsel	Kirke	Kultur	Sum	Behovjustering (-)	Sum etter justering
Høyanger	1,5	26,3	-4,1	1,8	13,8	7,1	0,9	-3,6	3,7	1,9	8,9	58,1	8,1	50,0
Vik	-2,2	8,4	-1,5	-3,3	9,8	4,1	1,1	2,7	3,0	1,4	-0,3	23,0	3,6	19,4
Balestrand	1,4	8,2	0,3	-1,0	13,2	2,8	1,2	0,2	1,6	0,7	0,0	28,8	6,4	22,4
Leikanger	1,1	2,4	-0,4	-2,1	2,6	2,6	0,8	1,5	0,7	0,2	1,4	10,8	0,8	10,0
Sogndal	-3,5	2,1	-3,3	-3,8	5,7	-0,5	1,1	0,4	1,2	0,4	-6,4	-6,7	-0,2	-6,5
Aurland	3,7	13,4	2,3	-1,0	26,1	3,9	3,1	3,4	6,6	1,5	5,5	68,4	9,2	59,2
Lærdal	2,5	10,6	3,7	1,8	1,4	8,1	4,3	2,6	0,3	1,7	2,0	39,0	5,4	33,6
Årdal	1,0	13,0	-2,3	-4,7	33,1	4,2	1,4	2,3	2,6	0,8	5,4	56,8	0,8	56,1
Luster	-0,2	24,7	1,5	-5,3	14,4	7,1	1,1	2,5	9,5	3,5	4,8	63,7	7,9	55,8
Alt 1	5,2	108,9	-3,7	-17,7	120,1	39,4	15,1	12,0	29,1	12,2	21,3	342,0	41,9	300,1
Alt 2	3,8	82,7	0,3	-19,4	106,4	32,3	14,2	15,6	25,4	10,3	12,5	283,9	33,8	250,1
Alt 3	-0,9	56,3	0,3	-13,8	47,2	24,2	9,7	9,9	16,2	8,0	1,5	158,6	23,8	134,8
Alt 4	-2,6	29,2	-2,2	-11,2	22,7	9,1	3,1	4,3	11,4	4,1	-0,2	67,8	8,5	59,3
Alt 5	2,8	34,4	-3,7	0,8	27,0	9,9	2,2	-3,4	5,3	2,7	8,9	86,9	14,5	72,4
Alt 6	7,2	36,9	3,8	-3,9	60,6	16,2	8,8	8,3	9,5	4,0	12,9	164,3	15,4	148,9

# Mulige effektiviseringspotensial på tjenesteområdene i mill kr og i % av brutto driftsinntekter

	I mill kr	I prosent av brutto driftsinntekter
Høyanger	50,0	10,7 %
Vik	19,4	7,2 %
Balestrand	22,4	13,2 %
Leikanger	10,0	5,5 %
Sogndal	-6,5	-1,1 %
Aurland	59,2	21,4 %
Lærdal	33,6	12,0 %
Årdal	56,1	11,2 %
Luster	55,8	11,6 %
Alt. 1	300,1	9,3 %
Alt. 2	250,1	9,1 %
Alt. 3	134,8	6,8 %
Alt. 4	59,3	4,7 %
Alt. 5	72,4	11,4 %
Alt. 6	148,9	14,1 %

# Konsesjonskraftmengde, allment forbruk og overskytende konsesjonskraft i kommunene. Tall fra 2015 i GWh

- Kraftverkseigar skal avstå inntil 10 prosent av kraftgrunnet som konsesjonskraft til kommunane og fylkeskommunen der kraftanlegget ligg
- Kommunane sin rett til konsesjonskraft er avgrensa til behovet til kommunane for allmenn elektrisitetsforsyning
- I kommunar med lågt folketal – men med store utbyggingar – inneber dette at fylkeskommunen får overført den overskytande mengda
- Ei kommunesamanslåing mellom små kraftkommunar og kommunar med eit større innbyggjartal, inneber eit større behov for allmenn el-forsyning
- Ein større del av konsesjonskrafta vil dermed gå til den nye kommunen, medan fylket sitt mengd vert tilsvarande redusert

Kommune	Konsesjonskraftmengde	Alm. Forbruk	Overskytande konsesjonskraft
Aurland	226	64	162
Balestrand	19	23	0
Høyanger*	110	123	0
Leikanger	0	33	0
Luster	221	82	139
Lærdal	84	69	15
Sogndal	7	145	0
Vik	106	45	61
Årdal	110	110	0

\* Høyanger har også årlig inntekter frå 169 GWh med heimfallskraft

# Endringar i konsesjonskraftinntekter for ulike alternativ

Oversikt over endringar i inntekter for en nye, samanslåtte kommunar samanlikna med dagens inntekter i dei same kommunane (nettopris 15 øre/kWh)

	I mill kr	I prosent av brutto driftsinntekter
Alt. 1	28,2	0,9 %
Alt. 2	26,3	1,0 %
Alt. 3	26,3	1,3 %
Alt. 4	20,9	1,7 %
Alt. 5	0	-
Alt. 6	0	-

# Oppsummering av de viktigste effektberegningene for de ulike strukturalternativene

Utslagene er vist i % av brutto driftsinntekter

Alternativ	1)	2)	3)	4)	5)	6)
Økonomiske verkemidler (eingongsstøtte)	2,5 %	2,7 %	3,8 %	4,0 %	3,9 %	3,3 %
Effekt frie inntekter år 1-15 (årleg)	0,6 %	0,6 %	0,2 %	-0,3 %	1,2 %	0,8 %
Effekt frie inntekter etter år 20 (årleg)	-3,0 %	-3,3 %	-3,7 %	-3,2 %	-1,5 %	-1,9 %
Effektiviseringsgevinst administrasjon (årleg)	3,5 %	3,1 %	2,8 %	0,9 %	4,8 %	4,1 %
Effektiviseringsgevinst tenesteområda (årleg)	9,3 %	9,1 %	6,8 %	4,7 %	11,4 %	14,1 %
Effekt konsesjonskraftinnt.	0,9 %	1,0 %	1,3 %	1,7 %	0 %	0 %
Sum år 1 (ekskl. tenesteområda)	7,5 %	7,4 %	8,1 %	6,3 %	9,9 %	8,2 %
Sum år 2-15 (ekskl. tenesteområda)	5,0 %	4,7 %	4,3 %	2,3 %	6,0 %	4,9 %
Sum etter år 20 (ekskl. tenesteområda)	1,4 %	0,8 %	0,4 %	-0,6 %	3,3 %	2,2 %

---

# Status og utfordringer på tjenesteområdene

---

- Generelle vurderingar av tenestene
  - Kvaliteten på tenestetilbodet vurderast samla sett som relativt bra
  - Det er visse utfordringar med små og sårbare fagmiljø og til dels rekruttering
  - Kommunane har noe utfordringar med å handtere stadig aukande krav til tenestene
  - Fleire kommunar gjev klart uttrykk for at dei ikkje står godt rusta til å handtere stadig aukande krav til kommunane, nye oppgåver og framtidige utfordringar
- Tenesteområder med spesielle utfordringar
  - Samla sett er det mange som peikar på helse og omsorg, og dessutan skule som dei meste krevjande tenesteområda
  - Innanfor helse og omsorg er det legetenesta, psykisk helse/rus, ressurskrevjande brukarar og nok kompetanse mange av kommunane peikar på. Vik og Aurland peikar spesielt på utfordringar med legevaktsordninga
  - På skuleområde er det i fleire kommunar, blant anna Luster, Balestrand og Lærdal, usemje om kva som er ein ideell skulestruktur for å sikre ei effektiv drift og god kvalitet av skulesektoren
  - Andre område som vert trekt fram er næring, tekniske tenester og samfunnsutvikling

---

# Status og utfordringer på tjenesteområdene

---

Vurdering av effektar som følgje av ei kommunesamanslåing

- Positive effektar: sikre større og betre fagmiljø, rekruttering av arbeidskraft og å verta mindre sårbar i tilhøve til skifte av personell, sjukdom og ferieavvikling
- Korkje positive eller negative effektar: Sikre og forbetre kvaliteten på dei kommunale tenestene og henta ut økonomisk gevinst som følgje av meir effektiv drift
- Negative effektar: Tilgjenge til dei kommunale tenestene

---

# Interkommunalt samarbeid

---

- En viktig motivasjon for interkommunalt samarbeid er større fagmiljøer, bedre tjenester og mer effektiv drift
- Det er ein del samarbeid som omfattar dei fleste kommunane, til dømes Sogn regionråd, avfallshandtering, arbeidsgjevarkontroll, alarmsentral, IKT, innkjøp, miljøretta helsevern og revisjon.
- På ei lågare nivå er det andre samarbeidskonstellasjonar som går igjen
  - Kommunane i indre Sogn (Årdal, Lærdal og Aurland) samarbeider på ei rekkje område.
  - Det same gjer Sogndal med nabokommunane Luster og Leikanger.
  - Balestrand og Høyanger har òg nokon samarbeid seg imellom.
  - Døme på oppgåver vi ser det samarbeidast opp på eit lågare geografisk nivå enn regionråd, er barnevern, PPT, landbruk, brannvern, legevakt, økonomi, kulturskule og sosiale tenester.
  - Vik, Årdal og Høyanger har eigen barnevernsteneste, medan Luster er den einaste kommunane som ikkje har samarbeid på PPT.
- Vi ser at kommunane i «randsona» i Sogn òg har samarbeid mot andre kommunar. For eksempel kjøper Aurland PP-tenester frå Voss, medan Høyanger og Balestrand samarbeider mot Sunnfjord om den same tenesta.



---

# Synspunkt på det interkommunale samarbeidet

---

- Det er delte meiningar om interkommunalt samarbeid er å føretrekka framfor ei kommunesamanslåing
  - Luster, Aurland og Høyanger er mest positive
  - Vik, Lærdal, Årdal og Balestrand er svakt positive
  - Sogndal er klart negativ og Leikanger er svakt negativ
- Med unntak Luster, er det ein viss grad av einigheit i alle kommunar om at det går ei grense for kor omfattande det interkommunale samarbeidet kan vera før ei kommunesamanslåing vert meir tenleg
- Tilbakemeldingane tyder på at det interkommunale samarbeidet ikkje er uproblematisk i høve til demokratisk styring, koordinering, oppfølging og kontroll
- Med unntak av i Sogndal er det ikkje ei oppfatning at det interkommunale samarbeidet er så omfattande at samarbeidsulempene førebels begynner å verte større enn fordelane

---

# Demokrati

---

- Ei samanslåing vil bidra til lågare politisk representasjon per innbyggjar, men ein vil kunna få breiare partipolitisk representasjon
- Ei samanslåing vil medføra at det samla sett vert færre kommunepolitikarar, men samstundes kan ei samanslåing gje auka handlingsrom, betre høve for frikjøp og gjera det meir interessant å engasjera seg i politisk arbeid
- Forsking tilseier at det kan vera vanskeleg å seia noko eksakt om effektar på valdeltakinga som følgje av ei kommunesamanslåing
- Spørjegranskinga syner at:
  - Det ikkje er noko stor tru på at ei samanslåing vil bidra til økt for interesse for politisk arbeid, og at vilkåra for politisk arbeid skal bli betre (Sogndal, Leikanger og Balestrand har positive vurderingar)
  - Det er eit fleirtal av kommunane som meiner at ei samanslåing vil gje auka påverknad på regionale og nasjonale saker (Sogndal, Leikanger, Balestrand, Årdal og Vik)
- Lågare politisk representasjon kan utløysa behov for å etablera ulike former for kommunedelutval/lokalutval og arenaer for innbyggjarmedverknad for å stimulera til brei deltaking og engasjement

---

# Samfunnsutvikling

---

- Ei viktig målsetting med ei kommunesamanslåing er å få ein meir handlekraftig kommune som kan spele ei større rolle som både lokal og regional samfunnsutviklar
- Dette føreset òg at kommunane har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar både til arealplanlegging, næringsarbeid, kulturtiltak, nettverksbygging og etablering av gode partnerskap
- Fleire kommunar har liten kapasitet til å drive med nærings- og samfunnsutvikling
- Kommunestrukturen har òg direkte innverknad på mulegheitene for å drive heilskapleg planlegging og utvikling av det som fungerer som ein funksjonell bu- og arbeidsmarknad
- Utfordringane i kommunane kan vera svært ulike, t.d. avhengig av om ein snakkar om vekstkommunar eller fråflyttingskommunar.
- Fleire trekker fram at kommunane har felles utfordringar og utviklingsmulegheiter på fleire områder, bl.a. når det gjelder landbruk, industri, reiseliv, infrastruktur og statlege arbeidsplassar

---


# Samfunnsutvikling

---

- Vurderingane frå kommunane samla sett er at det er et fleirtal som ser positive effektar i høve til å:
  - Sikre betre muligheiter for heilskapleg og langsiktig planlegging
  - Styrke arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling
  - Verte meir robust i høve til å kunne møte framtidige utfordringar, nye oppgåver og auka krav til kommunane
  - Behalde statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i Sogn
  - Lokalisere nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til Sogn
  - Luster, Høyanger, Aurland og Vik er dei som i størst grad ser negative effektar i høve til desse utviklingsmåla
- Det er eit fleirtal av kommunane som ser negative effektar av ei samanslåing i høve til å:
  - Auke det økonomiske handlingsrommet for politiske prioriteringar
  - Sikre og utvikle livskraftige lokalsamfunn
- Mye tyder at vurderingane har samanheng med frykt for sentralisering av tenester og arbeidsplasser

# Vurderinger av sammenslåingsalternativer


## Alternativ 1 – Heile Sogn




1 er svært negative effektar og 6 er svært positive effektar

# Vurderinger av sammenslåingsalternativer

## Alternativ 2 – Heile Sogn utan Høyanger



## Alternativ 3 – Heile Sogn utan Høyanger, Årdal og Aurland




# Vurderinger av sammenslåingsalternativer


## Alternativ 4 – Leikanger, Luster og Sogndal



## Alternativ 5 – Balestrand og Høyanger



## Alternativ 6 – Aurland, Lærdal og Årdal



---

# Vurderinger av sammenslåingsalternativer

---

- Dei mest sentrale kommunane er mest positive til dei fleste alternativa
- Dei andre kommunane føler utfordringar når deg gjeld avstandar, geografi og sentralisering
- Samstundes er det ein del som ser fordelane med ein stor kommune for få kunne handtere oppgåver på ein betre måte og få økt tyngde og slagkraft for å kunne hevda som opp mot andre regionar
- Det er alternativ 4, 5 og 6 som er best samsvar med dei eksisterande bu- og arbeidsmarknadsregionane
- Desse alternativa vert opplevd som meir geografisk naturlege, samstundes som det vert peika på felles interesser, samarbeid og utfordringar som kan løysast på ein betre måte i ein ny kommune
- Likevel er det i kvart av desse alternativa òg ein av kommunane kor det er eit fleirtal av respondentane vurderer effektane som negative
  - I alternativ 4 er det Luster, i alternativ 5 er det Balestrand og i alternativ 6 er det Aurland.
- Her er det og handsaming av utfordringar kytt til avstandar, geografi og økonomiske skilnader som vert trekt fram blant dei største ulempene
- Samstundes er viktig å vera merksam på at ein del er negative til de minste alternativa fordi dei vert for små, og at ein får for lita tyngde og slagkraft i høve til framtidig utvikling



---

# Samla vurdering

---

## Føremoner med alternativ 4, 5 og 6

- Det er desse alternativa som i størst grad dannar naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionar, det er mykje samarbeid frå før og felles interesser og utfordringar når det gjeld framtidig utvikling
- Desse alternativa legg best til rette for heilskapleg planlegging og utvikling innan bu- og arbeidsmarknadsregionen
- Alle innbyggjarane har i utgangspunktet felles interesser knytt til at bu- og arbeidsmarknadsregionen skal fungere på ein best mogleg måte, noko som vil vere ei føremon for lokaldemokratisk deltaking og engasjement
- Interkommunalt samarbeid som desse kommunane har seg imellom i dag, kan tilbakeførast til ordinær kommunal drift underlagt direkte politisk styring
- Økonomiske skilnader mellom kommunane vil vera lettare å handtera for kommunar innan ein bu- og arbeidsmarknadsregion, enn om kommunen dekkjer fleire slike regionar
- Her vil alle innbyggjarane som bur i regionen vera avhengig av den same arbeidsmarknaden og korleis regionen utviklar seg som heilskap

---

# Samla vurdering

---

Utfordringar knytt til alternativ 4,5 og 6:

- Alternativa vert ikkje store nok til kunne handtere alle oppgåver på eiga hand
- Interkommunalt samarbeid vil framleis spele ei sentral rolle for å løyse viktige oppgåver
- Alternativa kan føre til auka fokus utvikling av delområde i staden for utvikling av regionen som heilskap
- Det er ikkje sikkert at desse alternativa vil gje den tyngda og vekstkrafta som kunne vera ønskeleg i høve til andre regionar
- Aurland og Luster vurderer effektane som negative. Dersom ikkje desse kommunane blir med, dei mindre alternativa mindre realistiske
- Vik inngår ikkje i nokre av desse alternativa

---

# Samla vurdering

---

## Føremøner med alternativ 1,2 og 3

- Storkommunealternativa vil kunne handtere det meste av dagens og framtidige oppgåver på eiga hand, det vil vera lettare å skaffe kompetent arbeidskraft og levere spesialerte tenester
- Kommunane i Sogn har felles utfordringar og utviklingsmoglegheiter på fleire område, og ei samanslåing kan gjera det mogleg å utnytte og spele på kvarandre sine fortrinn på ein betre måte
  - Kommunane er kvar for seg gode på både utdanning, helse, industri, statlege arbeidsplassar, landbruk og reiseliv. Ein større kommune kan gje grunnlag for eit sterkare og meir heilskapleg utviklingsarbeid på alle desse områda
  - Føresetnadene for planlegging, utvikling, marknadsføring og profilering av Sogn som region kan styrkjast
- Ut frå tilbakemeldingane frå kommunane kan ein storkommune beståande av Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Lærdal og Årdal vera mest nærliggjande
  - Dette er eit alternativ som ikkje inngår i utgreiinga, men som likevel kan vera aktuelt
  - Høyanger, Luster og Aurland er gjennomgåande sterkt negative til storalternativa. Luster og Aurland er også negative til dei mindre alternativa

---

# Samla vurdering

---

## Utfordringar med alternativ 1,2 og 3

- Ein storkommune dekkjer fleire bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Det er krevjande med store avstandar, vanskelege kommunikasjonar
- Meir med trong for desentraliserte løysingar samanlikna med dei mindre alternativa når det gjeld både tenester, administrasjon og demokrati
- På grunn av storleiken kan dei potensielle stordriftsgevinstane vera meir krevjande å realisere
- For å lukkast med ei slik samanslåing er det avgjerande at ein kjem fram til ei felles plattform som synleggjer korleis ein saman kan verte ei meir slagkraftig eining som kan styrke den nye kommunen som heilskap
- Dersom ein kjem fram til ei slik plattform, kan ein storkommune vera ei framtidsretta løysing

---

# Samanhengar mellom utgreiingsarbeid og intensjonsavtalar

---

- I utgreiingsarbeidet kan ein få fram følgjande opplysningar:
  - Status, utviklingstrekk og framtidige utfordringar på ulike område
  - Moglege føremoner og ulemper av ulike strukturalternativ
- Korleis ein vel å handtere de mulegheiter og utfordringar ei kommunesamanslåing kan gi, vil vera avhengig av politiske prioriteringar
- Intensjonsavtalene er såleis viktig for å tydeleggjera frå politisk hald kvifor ein ynskjer samanslåing og kva ein kva ein konkret ynskjer å oppnå
- Utgreiingane fungerer slik sett som eit fagleg fundament som intensjonsavtalene kan forankrast i

---

# Innhold intensjonsplanar

---

- Vi ser at det er ein del punkter som går igjen i planane:
  - Bakgrunn, mål, organisering (politisk og administrativt), lokalisering, innsatsområder/framtidige prioriteringar knytt til tenesteproduksjon og samfunnsutvikling, interkommunalt samarbeid, økonomiforvaltning og kommunen som arbeidsgjevar
  - Innhaldet i ein intensjonsplanen må tilpassast lokale tilhøve, og kva innbyggjarar, tilsette og politikarar er opptekne av å ha klarlagt i forkant av eit vedtak om etablering av ein ny kommune

---

# Videre prosess

---

## Utfordringsnotat

- Tenesteproduksjon
  - Samlokaliseringsmodell
  - Funksjonsdelingsmodell
  - Desentralisert modell
- Politisk styring og lokaldemokrati
  - Politisk styringsmodell og tal på kommunestyrerepresentantar
  - Lokaldemokrati – nærdemokratiske ordningar
- Korleis lukkast med ei kommunesamanslåing
  - Vit kva du vill!
  - Involver innbyggjarane!
  - Vêr raus – tenk heilskap!

---

# Forslag til plan for videre arbeid

---

- Kommunale vedtak om det er aktuelt å gå vidare med utarbeiding av ei intensjonsavtale for eitt eller fleire av alternativa
- Dersom kommunane vedtek å gå vidare med forhandlingar om intensjonsavtale, vert det samstundes oppnemnt eit forhandlingsutval
- Dersom ein kjem fram til ei intensjonsavtale, vert denne handsama i kommunestyra. Kommunestyra vedtek då om dei ønska å gå vidare i prosessen eller ikkje
- Dersom ein går vidare i prosessen, vil intensjonsavtala og resultat frå utgreiingsarbeidet danna grunnlag for ei høyring blant innbyggjarane
- Dersom ein ynskjer å høyra innbyggjarane, vert vedteke høyringsform (t.d. folkeavstemming, spørjegransking, folkemøte eller andre høyringsformer) og tidspunkt. Aktuelt tidspunkt vil vera april/mai 2016
- I løpet av mars/april/mai 2016 gjennomførast tiltak med informasjon og dialog om innhaldet i intensjonsavtala
- Kommunane fattar vedtak om framtidig kommunestruktur i juni 2016



**Takk for oppmerksomheten!**

